



Bømlo kommune,
Leirdalen 1,
5430 BREMNES

Vår dato:
04.03.2022

Vår ref:
2022/39

Dykkar dato:
30.12.2021

Dykkar ref:
21/7335

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Bømlo kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Bømlo kommunestyre har i møtet 13.12.2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 har kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Kommunen må vurdere tiltak med sikte på å styrke driftsbalanse. Dette er særleg viktig på bakgrunn av netto driftsunderskot i 2021 og svakt netto driftsoverskot i budsjettet for i år. Kommunen bør opparbeide eit større disposisjonsfond.

Kommunen må unngå at den reelle lånegjelda blir for høg. Kommunen bør difor redusere planlagde investeringar med sikte på å dempe veksten i lånegjelda.

Budsjett 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsunderskot med kr 11,3 mill. Det utgjer - 1,1 prosent av driftsinntektene i 2021. Underskotet er knytt til større tenestebehov enn pårekna og difor meirforbruk. Netto driftsunderskot i 2021 blir dekt inn med bruk av disposisjonsfond.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 9,5 mill. Det utgjer 0,9 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettet med kr 398.945.000,- i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 775,6 mill.



Inntektsprognosene for 2022 er no oppdatert med innkomen skatt i 2021. Den siste inntektsprognosene er på kr 774,0 mill.

Det er budsjettet med kr 32,2 mill. i egedomsskatt for 2022. Innkomen egedomsskatt i 2021 var om lag kr 33,9 mill. Reduksjonen i egedomsskatt fra 2021 til 2022 skuldast reduksjon i skatteøyret på bustader og fritidseigedomar, fra 3,2 promille til 2,9 promille. Auke i sjølve grunnlaget for egedomsskatten som følgje av fleire eigedomar, bidreg til å dempe inntektsreduksjonen.

Kommunen fekk i 2021 kr 8 ½ mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Budsjettet utbetaling i 2022 er kr 28,0 mill.

Det er budsjettet med kr 35,8 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei ordinære avdraga for i år oppfyller minimumskravet i kommunelova og det tilrådde nivået.

I 2022 er det budsjettet med brutto investeringar for til saman kr 133,5 mill. Dei største investeringane er i Moster omsorgsbustader, bygg for psykisk helse og ny brannstasjon.

Investeringane er for ein stor del planlagt finansierte med bruk av lån, kr 84,0 mill. Dessutan blir investeringane finansierte med momskompensasjon, investeringstilskot og sal av eigedom. Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, inntil kr 25,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 1032 mill. (førebelts rekneskap), medrekna kr 122 mill. i startlån til vidare utlån. Dette utgjer 96,9 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 85.500,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er budsjettet med eit netto driftsoverskot for i år med kr 9,5 mill., eller 0,9 prosent av driftsinntektene. Det er lagt opp til eit noko svakare netto driftsoverskot i 2023. I dei siste to åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til eit netto driftsoverskot på 2,5 prosent i 2024 og 1,5 prosent i 2025, samanlikna med driftsinntektene.

Pårekna variasjon i netto driftsresultat i planperioden skuldast variasjon i inntekter frå Havbruksfondet.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 63,1 mill. ved utgangen av 2021 (førebelts rekneskap). Det utgjer 5,9 prosent av driftsinntektene i 2021. Disposisjonsfondet er redusert frå kr 76,5 mill. ved utgangen av 2020.

I økonomiplanen er det lagt til grunn at brutto langsiktig lånegjeld kjem til å auke til kr 1182 mill. ved utgangen av 2025. Kommunen si netto lånegjeld (uttrekks for startlån til vidareutlån og lån med rentekompensasjon), i prosent av driftsinntektene, er pårekna å auke frå 83,9 prosent ved utgangen av 2021 til 97,4 prosent ved utgangen av 2025.



Kommunen har organisert delar av verksemda og tilhøyrande gjeld i to kommunale aksjeselskap (for eigedom og VAR). Det gjer at samanlikningar med gjeldsnivået i andre kommunar kan gi inntrykk av at kommunen sin gjeldssituasjon er betre enn det som er reelt. Dei to selskapa har gjeld på til saman om lag kr 415 mill.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har vedteke følgjande måltal:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene - Måltal 1,75 prosent
2. Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene - Måltal større enn 10 prosent men mindre enn 15 prosent
3. Langsiktig gjeld som ikkje er dekka av andre (minus pensjonsforpliktingar) i prosent av driftsinntektene - øvre grense på 85 prosent

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen oppfyller ikkje måltalet på 1,75 prosent i netto driftsoverskot av driftsinntektene, korkje for rekneskap 2021 eller budsjett 2022. Det var eit relativt stort netto driftsunderskot i 2021. Budsjettet netto driftsoverskot for 2022 er vesentleg lågare enn måltalet. Dessutan vil det vere uvisse om realisme i vedteke budsjett i år, blant anna knytt til dei frie inntektene og lønnsvekst m.m. På denne bakgrunnen må kommunen vurdere nærmare tiltak som kan bidra til auka inntekter og driftsinnsparinger med sikte på å styrke driftsbalanse i økonomiplanperioden.

Disposisjonsfondet vart redusert til kr 63 mill. ved utgangen av 2021, eller til 5,9 prosent av driftsinntektene i 2021. Dette er vesentleg lågare enn måltalet på minst ti prosent av driftsinntektene. Kommunen bør i planperioden opparbeide eit disposisjonsfond på minst ti prosent av driftsinntektene for å ha tilstrekkeleg driftsreserve.

Kommunen vil i varierande grad få store utbetalingar frå Havbruksfondet. I dei åra kommunen får store utbetalingar frå Havbruksfond, bør kommunen bruke av desse inntektene til å byggje opp disposisjonsfondet til det nivået fondet bør vere på.

Lånegjelda til kommunen kjem til å auke vesentleg dersom investeringane blir gjennomførde slik økonomiplanen legg opp til. Det er viktig at den reelle lånegjelda ikkje blir for høg. Dette er særleg viktig i lys av at kommunen har utfordringar med driftsbalanse med for svake netto driftsresultat. Kommunen bør difor redusere planlagde investeringar med sikte på å dempe veksten i lånegjelda.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent